

MØTEINNKALLING

Utval: Kontrollutvalet i Lærdal kommune
Møtedato: 14.11.2012 kl. 13:00
Møtestad: Rådhuset – møterom 2. etasje

SAKLISTE

22/2012 Godkjenning av møtebok
23/2012 Drøftingssaker, skriv og meldingar
24/2012 Drøftingssak forvaltningsrevisjon 2013
25/2012 Møteplan 2013
26/2012 Opne møte i kontrollutvalet

Eventuelle forfall meldast til kontrollutvalssekretariatet v/Richard Nesheim, tlf: 95 26 13 18
eller e-post richard.nesheim@no.pwc.com.
Varamedlemar møter etter nærare avtale.

Lærdal, 07.11.2012

Olav Grøtnebø
Leiar (sign)

Richard Nesheim
Sekretariat

Kopi:
Ordfører
Rådmann
Oppdragsansvarlig revisor

Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 22/2012 Godkjenning av møtebok

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 14.11.2012	Saknr 22/2012
---	-------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteboka frå møtet 12.09.2012 vert godkjend.

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1			Møtebok frå møtet 12.09.2012

Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Møtebok

Møtedato: 12.09.2012

Møtetid: Kl. 13:00 – 15.00.

Møtestad: Rådhuset

Saksnr.: 17/12 – 21/12

Følgjande medlem møtte	Parti
Olav Grøtnebø	
Siv Rysjedal	
Guri Olsen	
Anders Haugen	

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Kari Blåflat		Jens Rikheim	

Ugilde	Sak	Følgjande varamedlem møtte

Møteleiar:	Olav Grøtnebø
Frå sekretariatet møtte:	Richard Nesheim
Frå kommunen møtte:	
Frå SF Revisjon møtte:	
Andre:	
Dokument utlevert i møtet:	2 skriv frå Arne Sanden til kontrollutvalet 1 ikkje offentleg skriv med vedlegg (forvl § 13 – offl § 13)
Synfaring:	
Merknader:	

Underskrifter:

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Gradering:	Ope/unnateke off.
17/2012	Godkjenning av møtebok		O
18/2012	Skriv og meldingar		O
19/2012	Godkjenning av framlegg til overordna analyse, plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll		O
20/2012	Framlegg til budsjett for kontrollutvalet for 2013		O
21/2012	Fråsegn i sak om mogeleg utmelding frå SF Revisjon IKS		O

Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 17/2012 Godkjenning av møtebok

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Richard Nesheim	12.09.2012	17/2012

Framlegg til vedtak:

Møtebok frå møtet 20.06.2012 vert godkjent

12.09.2012 KONTROLLUTVALET

KON-17/12 VEDTAK:

Møtebok frå møtet 20.06.2012 vert godkjent

Samrøystes

Møtebok Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 18/2012 Skriv og meldingar

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 12.09.2012	Saknr 18/2012
---	-------------------------------	-------------------------

Refererte skriv og meldingar:

Nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	16.07.2012	SF Revisjon	Engasjementsbrev Lærdal kommune
2		Lærdal kommune	Arbeidsvilkår for folkevalde

Utdelt i møtet:

1. Skriv frå Arne Sanden til kontrollutvalet, motteke 10.09.12, tittel: Tilsvar til kontrollutvalet
2. Skriv frå Arne Sanden til kontrollutvalet, motteke 10.09.12, tittel: Innsyn

Orienteringssaker:

Det vart i møtet kort orientert om fylgjande kommunestyrevedtak:

- Sak 73 – justering av delegasjonsreglement
- Sak 74 – godkjenning og kvalitetssikring av nytt finansreglement
- Sak 81 – revidert innkjøpsreglement

Sekretæren orienterte om brev frå ein innbyggjar (unnateke offentlegheit etter off. lova §13, jamfør forvaltningslova § 13). Sekretæren svarar på brevet.

Leiar i kontrollutvalet orienterte kort om ei ikkje offentleg klagesak til fylkesmannen som leiaren hadde fått til orientering.

Framlegg til vedtak:

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

12.09.2012 KONTROLLUTVALET

KON-18/12 VEDTAK:

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

Kontrollutvalet ber sekretariatet svare på innspelet frå Arne Sanden vedkomande sak 15/11. Kontrollutvalet ser ikkje at innspelet kjem med vesentleg nye moment i saka som endrar på grunnlaget for kontrollutvalet sitt vedtak.

Samrøystes

Møtebok kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 19/2012 Godkjenning av framlegg til overordna analyse, plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Richard Nesheim	12.09.2012	19/2012

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet fremjar følgjande forslag til vedtak i kommunestyret:

”Kommunestyret i Lærdal vedtek framlagde plan for forvaltningsrevisjon for Lærdal kommune 2012-2015 og framlagde plan for selskapskontroll for Lærdal kommune 2012-2015.”

12.09.2012 KONTROLLUTVALET

KON-19/12 VEDTAK:

Kontrollutvalet fremjar følgjande forslag til vedtak i kommunestyret:

”Kommunestyret i Lærdal vedtek framlagde plan for forvaltningsrevisjon for Lærdal kommune 2012-2015 og framlagde plan for selskapskontroll for Lærdal kommune 2012-2015.”

Samrøystes

Møtebok kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 20/2012 Framlegg til budsjett for kontrollutvalet for 2013

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 12.09.2012	Saknr 20/2012
----------------------------------	------------------------	------------------

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet gir følgjande framlegg om budsjett 2013 for kontrollutvalet i Lærdal kommune:

Område	2013
Kontrollutvalet	94 400
Sekretariatet	139 800
Finansiell revisjon	Avventar SF Revisjon sitt representantskap
Kjøp av forvaltningsrevisjon	150 000
Kjøp av selskapskontroll	25 000
TOTALT	434 200 + finansiell revisjon jamfør nedanfor

For finansiell revisjon vil kontrollutvalet tilrå at kommunen arbeider inn i sitt budsjett den budsjettposten som blir vedteken av styret og representantskapet i SF Revisjon IKS i samsvar med selskapsavtalen.

Dei øvrige budsjettpostane vert å sende administrasjonen for innarbeiding i kommunen sitt budsjett.

12.09.2012 KONTROLLUTVALET

KON-20/12 VEDTAK:

Kontrollutvalet gir følgjande framlegg om budsjett 2013 for kontrollutvalet i Lærdal kommune:

Område	2013
Kontrollutvalet	94 400
Sekretariatet	139 800
Finansiell revisjon	Avventar SF Revisjon sitt representantskap
Kjøp av forvaltningsrevisjon	150 000
Kjøp av selskapskontroll	25 000
TOTALT	434 200 + finansiell revisjon jamfør nedanfor

For finansiell revisjon vil kontrollutvalet tilrå at kommunen arbeider inn i sitt budsjett den budsjettposten som blir vedteken av styret og representantskapet i SF Revisjon IKS i samsvar med selskapsavtalen.

Dei øvrige budsjettpostane vert å sende administrasjonen for innarbeiding i kommunen sitt budsjett.

Samrøystes

Møtebok kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 21/2012 Fråsegn i sak om mogeleg utmelding frå SF Revisjon IKS

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Richard Nesheim	12.09.2012	21/2012

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet gir følgjande fråsegn til formannskapet i sak om mogeleg utmelding frå SF Revisjon IKS:

Etter kontrollutvalet sitt syn kan ein sjå på denne saka etter to hovudperspektiv. Eit som går på økonomisk innsparing og eit som går på samarbeid i regionen gjennom eit interkommunalt selskap som kommunen er medeigar i.

Kontrollutvalet registrerer at det kan vere monaleg økonomisk innsparing knytt til ei endring av gjeldande revisjonsordning.

Samstundes er kontrollutvalet kjent med at SF Revisjon arbeider etter ein strategi som har som siktemål å redusere kostnadane som blir fordelt på eigarkommunane og at ein er i gang med eit arbeid der ein mellom anna vurderer både organisering og andre prisingsmodellar enn den ein nyttar i dag.

Kontrollutvalet vil, med bakgrunn i at SF Revisjon IKS er eit interkommunalt selskap, tilrå at Lærdal kommune i første omgang arbeider gjennom representantskapet i SF Revisjon for at drifta i selskapet blir lagt opp slik at revisjonshonoraret til Lærdal kommune kan bli justert ned. Dette kan mellom anna gjerast gjennom endring i fordelingsnøkkelen, ved at SF Revisjon reindyrkar og tilpassar sine tenester slik at dei ikkje leverer anna enn dei tenestene som er naudsynt, og/eller ved at selskapet når dei vekstmåla som er sett i strategidokumentet til selskapet.

Kontrollutvalet meiner at dersom denne tilnærminga ikkje gjev tilfredstillande resultat bør spørsmål om eventuell utmelding drøftast med styret og representantskapen i SF Revisjon og eventuelt politisk med dei andre eigarane før ein realitetshandsamar spørsmålet i kommunestyret.

Når det gjeld fagleg kvalitet på revisjonen har kontrollutvalet ikkje merknader til gjeldande revisjonsordning, men ein føreset at denne kvaliteten og vil vere tilfredstillande ved val av annan revisjonsordning.

Kontrollutvalet vil be om at formannskapet og kommunestyret merkar seg formalitetane for ei eventuell utmelding som er regulert i selskapsavtalen med SF Revisjon. Etter at oppseing er

varsla går det ein tre månaders frist før ein kan melde oppseiing. Etter at endeleg oppseiing er meldt går det eit år før oppseiinga trer i kraft. Tiltrådinga til formannskapet i sak 101/12 var unøyaktig på dette punktet.

12.09.2012 KONTROLLUTVALET

KON-21/12 VEDTAK:

Kontrollutvalet gir følgjande fråsegn til formannskapet i sak om mogeleg utmelding frå SF Revisjon IKS:

Etter kontrollutvalet sitt syn kan ein sjå på denne saka etter to hovudperspektiv. Eit som går på økonomisk innsparing og eit som går på samarbeid i regionen gjennom eit interkommunalt selskap som kommunen er medeigar i.

Kontrollutvalet registrerer at det kan vere monaleg økonomisk innsparing knytt til ei endring av gjeldande revisjonsordning.

Samstundes er kontrollutvalet kjent med at SF Revisjon arbeider etter ein strategi som har som siktemål å redusere kostnadane som blir fordelt på eigarkommunane og at ein er i gang med eit arbeid der ein mellom anna vurderer både organisering og andre prisingsmodellar enn den ein nyttar i dag.

Kontrollutvalet vil, med bakgrunn i at SF Revisjon IKS er eit interkommunalt selskap, tilrå at Lærdal kommune i første omgang arbeider gjennom representantskapet i SF Revisjon for at drifta i selskapet blir lagt opp slik at revisjonshonoraret til Lærdal kommune kan bli justert ned. Dette kan mellom anna gjerast gjennom endring i fordelingsnøkkelen, ved at SF Revisjon reindyrkar og tilpassar sine tenester slik at dei ikkje leverer anna enn dei tenestene som er naudsynt, og/eller ved at selskapet når dei vekstmåla som er sett i strategidokumentet til selskapet.

Kontrollutvalet meiner at dersom denne tilnærminga ikkje gjev tilfredstillande resultat bør spørsmål om eventuell utmelding drøftast med styret og representantskapen i SF Revisjon og eventuelt politisk med dei andre eigarane før ein realitetshandsamar spørsmålet i kommunestyret.

Når det gjeld fagleg kvalitet på revisjonen har kontrollutvalet ikkje merknader til gjeldande revisjonsordning, men ein føreset at denne kvaliteten og vil vere tilfredstillande ved val av annan revisjonsordning.

Kontrollutvalet vil be om at formannskapet og kommunestyret merkar seg formalitetane for ei eventuell utmelding som er regulert i selskapsavtalen med SF Revisjon. Etter at oppseiing er varsla går det ein tre månaders frist før ein kan melde oppseiing. Etter at endeleg oppseiing er meldt går det eit år før oppseiinga trer i kraft. Tiltrådinga til formannskapet i sak 101/12 var unøyaktig på dette punktet.

Samrøystes

Møtet slutt

Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 23/2012 Drøftingssaker, skriv og meldingar

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 14.11.2012	Saknr 23/2012
---	-------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Skriwa og meldingar vert tekne til orientering. Orienteringar i møtet vert teken til vitande.

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	18.10.12	Lærdal kommune	Rapport 2 tertial 2012 – (møtebok sak 91/12 i kommunestyret)
2	07.09.11	KPMG	Tilrådingane i forvaltningsrevisjonsrapporten knytt til Pleie og omsorg
3	30.10.12	Lærdal kommune – Margun Thue	Statusrapport etter forvaltningsrevisjon retta mot pleie- og omsorgstenestene i Lærdal kommune
4	30.10.12	Lærdal kommune – Inger Bakken	Notat om evaluering av rekrutteringstiltak i pleie og omsorg
5	18.10.12	Lærdal kommune	Vedtak i kommunestyret vedkomande plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapsskontroll (sak 92/12)
6	02.11.12	Olav Grøttebø	Notat om konsekvensar ved endring i budsjettframlegg frå kontrollutvalet

Referat frå kontaktmøte mellom kontrollutvalsleiarane i Sogn Regionråd + Høyanger den 08.11 vert delt ut i møtet.

Orientering i møtet:

Rådmannen vil stille i møtet og er bedt om å svare på fylgjande spørsmål:

1. Oppfølging i høve til forvaltningsrevisjonsrapporten knytt til Pleie og omsorg

Kontrollutvalet gjorde i sak 17/11 fylgjande vedtak:

Kontrollutvalet viser til vedlagt forvaltningsrevisjonsrapport frå KPMG. Kontrollutvalet er merksame på at fleire av tilrådingane allereie er tekne tak i frå administrasjonen si side. Ein ber likevel om at dei 6 tilrådingane i rapporten vert fulgt opp og vurdert i det vidare arbeidet med organiseringa av pleie- og omsorgstenestene i kommunen. Kontrollutvalet

vil fylgje med på arbeidet og vil be om ein statusrapport hausten 2012.

2. Oppfølging i høve til sjukefråvere innan pleie og omsorg.

Kontrollutvalet gjorde i sak 10/12 fylgjande vedtak:

Tertialrapporten vert teke til orientering. Kontrollutvalet er sterkt uroa over dei store avvika mellom vedteke budsjett og prognose for resultat for 2012. Spesielt gjeld dette situasjonen innan Pleie og omsorg.

Det er bekymringsfullt at det på så mange område er til dels vesentlege avvik mellom budsjett og prognose. Kontrollutvalet registrerer at sjukefråveret er høgt og vil tilrå at årsakene til dette vert kartlagt nærare og at tiltak eventuelt vert iverksett.

Kontrollutvalet har bedt om ei ei tilbakemelding på om årsakene til sjukefråveret er kartlagt og om det er iverksett tiltak for å få ned sjukefråveret.

Det er naturleg å sjå punkt 1 og 2 i lag sidan sjukefråveret og er omtala i forvaltningsrevisjonsrapporten,

3. Arbeidsgjevarkontrollen - korleis fungerer den interkommunale ordninga?

Ved handsaminga av årsmeldinga til arbeidsgjevarkontrollen registrerte kontrollutvalet at den interkommunale ordninga ikkje hadde fungert godt nok i 2011. Kontrollutvalet gjorde i sak 2/12 vedtak om at ein hausten 2012 vil be om ei orientering om utviklinga på området.

4. Oppfølging revisorbrev 1/12

I sak 13/12 handsama kontrollutvalet revisorbrev 1-2012 og gjorde vedtak der ein ba administrasjonen fylgje opp punkta i revisorbrev 1-2012 og ba om å få ei statusoppdatering i høve til dette.

Andre saker:

Rådmannen vil orientere kort om status på budsjettprosessen og budsjettutfordringane for 2013.

Sekretæren vil orientere om status etter ekstraordinært representantskapsmøte i SF Revisjon 02.11.12.



Sakspapir

Saksnr	Utval	Møtedato
128/12	Formannskapet	02.10.2012
091/12	Kommunestyret	18.10.2012

Sakshandsamar: Anita Karlsen Bentås Arkiv: K1- Arkivsaksnr. 12/456 – 22

Rapport 2.tertial 2012

Kort samandrag

Rapporten inneheld ein prognose laga ut frå stoda pr. 31.08.2012. Me har teke med det me veit vil kome av inntekter og kostnader resten av året, både for einingane og på overordna nivå.

Tenesteleiarane har vore involverte. Dei har fått tilsendt prognose for si eining, og har kvalitetssikra denne. Der det er avvik mellom prognose og budsjett har dei kome med kommentarar og forslag til tiltak for å halde ramma.

Lønsoppgjeret er enno ikkje ferdig for heile kommunen, me har difor ikkje teke omsyn til dette i prognosen. Dei 5 millionane som er sett av til lønsauke i budsjett 2012 vert fordelt på einingane når alt er klart.

Samla ligg einingane an til eit overforbruk i høve revidert budsjett på kr 3.964.583,- Når ein tek omsyn til overordna inntekter og kostnader blir overforbuket totalt kr 3.784.583,- ut frå denne prognosen. Det er då allereie lagt inn bruk av disposisjonsfond med kr 3 205 417. Etter denne bruken vil rest på disposisjonsfondet vere kr 933 173. Dette er ei betring på 2,4 mill i høve førre prognose.

Samla investeringar ligg inne med kr 10 754 000, inklusive aksjekjøp i Lærdal Energi og KLP med totalt kr 2 324 000. I finansieringa ligg inne sal av eigedomar med kr 2 324 000 og tilskot frå fylket i samband med kunstsenteret med kr 1,4 millionar. Det er usikkert om ein oppnår budsjett på sal av eigedomar, pr. 20.09 er det ikkje selt noko i 2012.

Sjukefråvær:

Kommunen har eit samla sjukefråvær hittil i år på 8,5%
Etter 1.tertial låg sjukefråværet på 8,9%

Rådmannen si tilråding:

Tertialrapporten blir teken til etterretning.

Dei einingane med negativt avvik må gjere tiltak for å oppnå balanse.

Det blir ikkje gjort budsjettendringar på einingane som følgje av denne rapporten, dette vil ein eventuelt kome tilbake til seinare i haust.

Det blir gjort budsjettendringar på overordna inntekter og kostnader i samsvar med prognosen:

Skatt på inntekt og formue	Reduserte inntekter	-1 600 000
Rammetilskot	Auka inntekter	800 000
Eigedomsskatt	Auka inntekter	1 300 000
Rentekompensasjon	Reduserte inntekter	-200 000
Renteinntekter	Reduserte inntekter	-400 000
Utbytte	Auka inntekter	30 000
Avsetning til næringsfond	Redusert kostnad	250 000
Sum		180 000
Disponering:	Avsetning til disposisjonsfond	-180 000
Sum		-

02.10.2012 FORMANNSKAPET

FS-128/12 TILRÅDING:

Formannskapet sluttar seg samrøystes til tilrådinga frå rådmannen.

Saksutgreiing

Ansvar	Budsjett 2012 (inkl endr)	Prognose pr.31.08.12	Avvik
100 - Folkevalde	3 500 000	3 420 000	80 000
110 - Rådmannsfunksjonane	14 866 000	15 290 000	-424 000
120 - Oppvekst Borgund	5 700 000	5 730 000	-30 000
121 - Oppvekst Ljønsne	5 627 000	5 520 000	107 000
122 - Lærdalsøyri skule	18 196 417	18 460 000	-263 583
123 - Lærdalsøyri barnehage	9 870 000	9 990 000	-120 000
131 - Helse	11 350 000	11 340 000	10 000
132 - Sosiale tenester / NAV	6 520 000	6 700 000	-180 000
133 - Pleie og omsorg	44 143 000	46 050 000	-1 907 000
134 - Barnevern	3 790 000	3 700 000	90 000
151 - Kultur og formidling	3 640 000	3 660 000	-20 000
162 - Teknisk drift	15 163 000	16 600 000	-1 437 000
170 - Nøytrale innt/utg	630 000	650 000	-20 000
Avsetning til lønsreguleringsfond	5 000 000	5 000 000	0
Midlar til ressurskrevande brukarar	-	-	0
Samhandlingsreformen	-	-	0
Konsesjonskraft netto	-18 000 000	-18 000 000	0
Sum netto utgifter drift	129 995 417	134 110 000	-4 114 583

Innt./Utg. utanom ansvarsområda over:

Skatt på inntekt og formue	-62 000 000	-60 400 000	-1 600 000
Rammetilskot	-61 100 000	-61 900 000	800 000
Eigedomsskatt	-21 200 000	-22 500 000	1 300 000
Rentekompensasjon eldreomsorg/tilskot	-1 200 000	-1 000 000	-200 000
Rentekompensasjon skule/tilskot	-500 000	-500 000	-
Konsesjonsavgift	-6 174 000	-6 174 000	-
Renteinntekter (utlån næringsfond + bank)	-1 200 000	-800 000	-400 000
Utbytte	-400 000	-430 000	30 000
Mottekne avdrag på lån	-170 000	-170 000	-
Renteutgifter	8 900 000	8 900 000	-
Avdrag på lån	11 560 000	11 560 000	-
Avsetning til disposisjonsfond	-	-	-
Avsetning til næringsfond (konsesjonsavgift)	6 174 000	6 174 000	-
Avsetning til næringsfond (mottekne avdrag)	170 000	170 000	-
Avsetning til næringsfond (mottekne renter)	350 000	100 000	250 000
Bruk av disposisjonsfond	-3 205 417	-3 205 417	-
Overføring investeringsbudsjett	-	-	-
Sum inntekter/utgifter	-129 995 417	-130 175 417	180 000
Netto resultat (underskot)	-	3 934 583	-3 934 583

Kommentarar frå einingane:

Ansvar 100 – Folkevalde organ:

Eininga ser ut til å få eit mindreforbruk i høve budsjett på om lag kr 80 000.

Dei folkevalde har i år hatt ekstra fokus på kor viktig det er å sende inn reiserekningar og tapt arbeidsfortjeneste fortløpande, det er likevel ei viss usikkerheit til desse postane på folkevalde sitt budsjett. Me har hatt eit år prega av mange store saker, og dette skaper større møteaktivitet. Reiseutgifter og køyregodtgjersle ser ut til å sprekke med 85 000 kr, noko som gjer at me må sjå bak tala for å finna ut kva som gjer dette.

Når det gjeld møtgodtgjersle er det ein større grad av automatikk i at desse er ajour. Då desse saman med tenestefrikjøp er av dei største postane på funksjon for sentrale folkevalde organ, kan ein gå ut frå at ein klarer å halde seg innafør tildelt råde.

Ansvar 110 – Rådmannsfunksjonane:

Økonomi

I følgje prognosen vil eininga få eit underskot på ca kr 400 000

Dette skuldast i hovudsak følgjande:

- Lærdal kommune sin del av Helse- og omsorgsplan. Manglande kvalitetssikring gjorde at det ikkje vart sett av midlar til dette i budsjett 2012. Vedtak vart gjort i 2010.
- Etterslep/opprydning Villakssenteret/turistinformatjonen etter 2011-sesongen
- Advokattenester i samband med Stuvane kraftverk
- Lærdal kommune sin eigendel i samband med tenester frå Aurland fjellstyre. Avtalen gjeld kompetanse til viltforvaltning, og vart vedteke etter budsjettvedtak for 2012.

Leiargruppa

Ny organisasjonsstruktur er gjeldande frå 1. august. Dette medfører etablering av strategisk leiargruppe med rådmann, leiar Helse og omsorg, leiar for tekniske tenester og leiar for Kultur og oppvekst.

Leiar for Kultur og oppvekst er ikkje på plass og me manglar pedagogisk rådgjevar. Det er eit lovkrav at kommunen skal ha skulefagleg kompetanse på rådmannsnivået. Slik stoda er i dag fyller me ikkje lovkravet.

Det er sett i verk ei mellombels løysing der rektor for den største skulen representerer oppvekst i leiargruppa. Bak dette vert det etablert ein eigen møtestruktur for mellomleiarar i oppvekst. Konstituert leiar for kultur representerer kultur i leiargruppa.

Alle vedtak kring oppretting av eige næringssselskap er gjort. Vidare arbeid med etablering og tilsetting ligg i hendene på styret. Fram til styreleiar er på plass, fungerer ordføraren som styreleiar i selskapet.

Personale

Me har vore utan nærings sjef heile året. Oppgåvene har vorte fordelte på juridisk rådgjevar, rådmann og ordførar.

Personalleiar tek ut AFP og har 80% stilling.

Som støtte for leiargruppa er dei merkantile ressursane for oppvekst og helse og omsorg sett saman i eit team med økonomisk rådgjevar på rådhuset. Dette for å samkøyre og effektivisere arbeidet. Gruppa vert eit viktig bindeledd i organisasjonen.

Det er trong for å sjå nøyare på oppgåvedelinga og –løysinga ut frå endra organisering og vakante stillingar.

Ansvar 120 – Oppvekst Borgund:

Eininga ser ut til å halde råma.

Ansvar 121 – Oppvekst Ljøsne

I følgje prognosen vil oppvekst Ljøsne få eit positivt avvik på om lag 100 000. Dette skuldast i hovudsak auka inntekter på sfo.

Ansvar 122 – Lærdalsøyri skule

Lærdalsøyri skule ser ut til å få eit negativt avvik på om lag kr 260 000. Årsaka er lønsutgifter til vikarar og overtid i perioden, samt løn ny rektor frå 1.10.12.

Ansvar 123 – Lærdalsøyri barnehage

Tertialrapportering for 2. kvartal, Lærdalsøyri barnehage, viser at funksjonen ”styrka tilbod til førskuleborn” og ressursar til lønsutgifter er aukande, med eit overforbruk utover tildelt ressurs.

Barnehagen viser til tertialrapportering datert 08.06.12, der me nå vårparten la til rette for assistentressurs, grunna ledig kapasitet på avdelinga.

I det vidare arbeidet med styrka tilbod til førskuleborn er det viktig å skilja mellom rett til spesialpedagogisk hjelp, heimla i Opplæringslova § 5-7, og ei tilråding i tillegg på pedagog/assistentressurs.

Tilråding i form av styrkingstiltak på ei avdeling/bornegruppe opplever barnehagen som ei god løysing for heile bornegruppa, men også for born med spesielle behov. Dette kan sjåast i samband med å tilretteleggje for tidleg innsats, og sikrar bl.a. ein god overgang til skulen.

Ansvar 131 – Helse

Økonomi

Prognosen visar at eininga går omtrent i balanse. Me har gjennom heile 2012 hatt vakante stillingar for helsesystem og fysioterapeut. Konsekvensar for brukarane er eit redusert tenestenivå og det vil bli etterslep på mellom anna kontrollar som må takast inn att til neste år. For dei tilsette kan det opplevast å ha eit auka arbeidspress då fleire lovpålagde oppgåver må løysast med redusert bemanning.

Me har ein auke på helseadministrasjonsfunksjonen med eitt årsverk etter at pasientkoordinatorstillinga vart sett i verk frå 1.august.

Personale

Det er stort sett ingen endringar frå førre rapportering med unntak av nemde stilling under helseadministrasjon, men det kan nemnast at Mogens Vasegård si stilling som helsestasjonslege er oppsagd frå 1. september.

Me har fått ein kapasitetsauke på legesida etter at Frode Myklebust er tilbake frå overlegepermisjon. Denne vil mellom anna bli nytta til helsestasjonen og auka timetal pr veke til sjukeheimen.

Ansvar 132 – Sosiale tenester – NAV

Prognosen viser eit overforbruk på om lag kr 180 000.

Årsaka til overforbruk :

- 1) Omstillingskostnad ved oppseiing av medarbeider ved Aktivitetshuset
- 2) Auka utgifter på funksjon 24200, lovpålagte tenester til brukarar med behov. Dette stig vedvarande.

Usikkerheit omkring økonomisk sosialhjelp, då denne svingar litt frå år til år.

Ansvar 133 – Pleie og omsorg

Økonomi

Motteken prognose viser eit meirforbruk ved eininga på om lag kr 1 900 000.-

Dette er framleis eit stort meirforbruk, men viser at tiltak me sette i verk etter 1.tertial har slått inn i positiv lei.

Det er framleis store kostander knytt til overtid og høgt sjukefråver, dette særleg på sjukeheimen. Men og andre delar av tenesta har eit alarmerande høgt sjukefråver. Fleire tiltak knytt til dette vil bli sett i verk frå arbeidsgivar si side.

Turnus

Arbeidet med ulike turnusmodellar, som av erfaring frå andre stader, gir positiv effekt både på sjukefråver og trivsel er under utprøving i spesielt tilrettelagde tenester og i heimesjukepleien. Det er særleg knytt spenning til turnusen i heimesjukepleien som starta opp med ny modell frå 3. september. Dersom vår erfaring er at dette er ein berekraftig og framtidsretta modell vil heimesjukepleien i kommunen truleg vere den fyrste i landet som går i ein slik type turnus. På sjukeheimen har me ikkje lukkast i planlegginga av ein ny modell. Ny turnus er framleis under planlegging og kjem i drift frå slutten av oktober. Her har me innført ny bemanningsplan frå denne månaden i tråd med ein mykje brukt ressursplanleggingsmodell og i samråd med tillitsvalde. Denne vil bli lagt til grunn for utarbeiding av ny turnus. Bemanningsbehovet vert såleis noko redusert.

- a) Ny leiarstruktur på sjukeheimen er iverksett frå 1. august. To nye avdelingsleiarar er tilsett og personalet er delt inn i grupper så langt det let seg gjere utan ny turnus på plass.
- b) Det er sett i verk eit arbeid knytt til bilar og bruk av desse i heimetenestene. Truleg har ein potesiale for å få redusert utgiftene til leasingbilar ved å utnytte kapasiteten på ein annan måte, men prosjektet er kun kommen i ei kartleggingsfase så det er for tidleg å sei noko om ei evt innsparing enno.

Ansvar 134 – Barnevern

Etter prognosen ser eininga ut til å få ei underforbruk på om lag kr 90 000

Utfordringar ut året:

Det er føreteke ei akuttplassering. Det ser ut som denne skal kunne dekkast innanfor budsjett med forbehold om uventa utgifter. Tenesta skal fremje to saker for nemnda dette halvåret, det er ikkje budsjettert med kostnader knytt til dette, då det er usikkert kva det vil bli.

Kostnader knytt til det som skjer kommande halvår må takast med i budsjett for 2013, i den grad status i sakene er klar til den tid.

Vidare må det takast med at kostnader knytt til institusjonsplasseringar kjem seint og lite tilpassa vår rapportering i tertial.

Ansvar 151 – Kultur og formidling

Prognose for andre tertial viser at ansvar 151 går omtrent i balanse.

Dette skuldast at me har sett i verk ein del av dei grepa som nemnd i kommentar etter 1. tertialrapport. Dette er utfordrande, og kan slita i lengda.

Ansvar 162 – Teknisk drift

1. Økonomi

I budsjettet til teknisk drift for 2012 vart det lagt inn eit udefinert innsparingskrav for eininga på om lag kr1 000 000,-. Dette innsparingskravet måtte innfriast for at eininga skulle klare å halde seg til dei tildelte rāmene. Det vart ikkje budsjettert med lønnsmidlar for vikarar eller langtidssjukmelde. All bruk av vikarar for vakante stillingar vart stoppa frå 01.01.2012.

I tillegg gav streiken noko innsparing på lønnskostnadene då dei streikande vart trekt i lønn. I prognosen er det og teke med ein reduksjon i straumkostnadane mellom anna ved at bassenga på Borgund og Øyri var stengde delar av perioden.

Udefinert innsparingskrav	1 000 000,-
Innsparing stillingar inkl. streik	-530 000,-
Innsparing straum	<u>-250 000,-</u>
Rest innsparingskrav	220 000,-

Gjennom reduksjonar og innsparingar har eininga so langt spart inn om lag 80% av det budsjetterte innsparingskravet.

I perioden har det skjedd ulike hendingar som gjev ekstraordinære kostnader for eininga:

- Ein person som var langtidssjukmeld er komen attende på jobb. Lønnskostnader for denne stillingen er det ikkje teke høgde for i budsjettet.
- Estimater etter uværet Dagmar viser at kommunen får kostnader på om lag kr 1 000 000,-. Det er signalisert at staten tek 50% av denne kostnaden.
- Saman med SIMAS har ein rydda opp på hageavfallsplassen for å bli kvitt snigleproblemet.

- Kommunen har teke på seg å utbetra problem med overflatevatn på ein privat eigedom. Dette er tidlegare informert om i formannsskapet.
- Kommunen har teke over leigeavtalen på 1881 lokala. Her får ein kostnader på straum, reinhald og tilsyn.

Langtidssjukmeld tilbake i jobb	400 000,-
Dagmar (netto)	500 000,-
SIMAS (hageavfalls plass)	150 000,-
Overflatevatn	70 000,-
1881 lokala	<u>100.000,-</u>
Sum ekstraordinære kostnader	1 220 000,-

Når ein tek høgde for desse ekstraordinære kostnadane syner prognosen at eininga vil få eit **meirforbruk på kr 1 440 000,- i 2012.**

Det er tidlegare utarbeida forslag til innsparingstiltak for eininga og ein syner til denne lista.

I tillegg vil det komme kostnader i samband med etablering av avkøyrsløse til næringsarealet på Håbakken. Denne kostnaden er ikkje budsjetert. Kostnadane dekkjer opparbeiding av kryss etter vegvesenet sine vegnormer. Dette inneber kostnadar til prosjektering, fylling, opparbeiding og asfaltering. Det vil og verte behov for noko grunnerverv. Nytt kryss tek og høgde for ny vegløyning til eigedomen til Øygaard. Kostnadane til kryss og veganlegg er estimert til kr 750.000,-

Investeringar:

	INVESTERINGAR PR 14.9.2012	Bokført pr 15.09.2012	Endra budsjett 2012
1232	Ny barnehage	214 848	210 000
1512	Ombygging kulturhus 2010-2011	129 705	130 000
1621	Nytt vassverk Hauge 2010-2011	22 658	20 000
11101	EDB inkl Ålav	63 561	1 560 000
11118	Villakssenteret - kjøp av tilleggsareal og innløyising festetomt	30 118	30 000
11628	Konvertering fase 1 vassboren varme - kultursal, villakssenter og gamle bh	255 966	300 000
21101	KJØP AV TOMTER	214 418	180 000
21102	VIDEOKONFERANSEUTSTYR	-	500 000
21624	VARMEPUMPE SKULE	-	500 000
21625	VATN HÅBAKKEN	822 227	5 000 000
	KJØP AV AKSJAR		2 324 000
	TOTALT	1 753 501	10 754 000
	Finansiering:		
	Sal av eigedomar		2 324 000
	Tilskot frå fylket til kunstsenteret		1 400 000
	Bruk av lån		7 030 000
	Sum		10 754 000

IKT og videokonferanseutstyr:

Videokonferanseutstyr er på plass på rådhuset. Det står att å innstallere videokonferanserom på sjukeheimen.

Oppgradering IKT oppvekst er på det næraste avslutta. Dette gjeld både i høve nettverk og utstyr. Noko arbeid og opplæring står att.

Acos politikarmodul er sett i bestilling og det vil bli gjennomført opplæring i byrjinga av oktober.

Samling av all programvare nytta i pleie og omsorg (Geric) på felles server i datarom i Årdal er planlagt gjennomført før årsskiftet.

Investeringar naudsynte for å gjennomføre "meldingsløftet" som skal betre kommunikasjonen mellom spesialisthelsetenesta og helse og omsorgstenester i kommunen, er sett i bestilling og vil bli gjennomført før årsskiftet.

Økonomisk handlerom:

Disposisjonsfondet pr 16.9.2012

Saldo 1.1.2012	3 434 310
Omklassifisering frå bundne fond	704 280
Bruk av fondet i revidert budsjett	-3 205 417
"Saldo" pr 16.9.12	933 173

Det vart gjort vedtak i kommunestyret (Ks 075/12, 23.8) om å gjere om ein del bundne fond til disposisjonsfondet.

Likviditet:

Som følgje av reduserte fond og eit sannsynleg meirforbruk i høve budsjett, har likviditeten til kommunen vore anstrengt i 2012. Dette har medført at vi til tider har vore nøydd til å bruke kassakreditt for å dekke lønsutbetalingar og andre store rekningar.

Overordna inntekter/kostnader

Skatt på inntekt og formue:

Pr. 31.8 viste skatteinngangen ein auke frå i fjor på 3,53%. Viss dette blir den prosentvise auken ved utgangen av året, vil samla skatteinngang på inntekt og formue ende på 59,8 mill. me har valt å bruke KS sin prognose som viser 60,4 millionar kroner. Dette er ein reduksjon på 1,6 mill i høve budsjett.

Rammetilskot:

Me har lagt inn KS sin prognose på 61,9 mill som er 0,8 mill over budsjett.

Eigedomsskatt:

Eigedomsskatten er ferdig fakturert og gir 22,5 mill i inntekt som er 1,3 mill over budsjett. Auken kjem som følgje av ny taksering på verk og bruk som vart gjennomført vinteren 2012.

Andre generelle statstilskot:

Rentekompensasjon omsorgsboligar:

Ut frå siste melding frå Husbanken vil dette bli 1 mill, som er 0,2 mill mindre enn budsjett. Årsaken til nedgangen er det låge rentenivået som har vore i 2012.

Rentekompensasjon og tilskot skule:

Dette vil bli omtrent som budsjett, det vil seie kr 500.000. Det som ligg her er refusjon 6-årsreforma med ca 200.000 og rentekompensasjon på bygg med ca 300.000.

Konsesjonsavgift:

Konsesjonsavgifta er kr 6.174.000 og kjem frå Østfold Energi. Denne blir indeksbehandla kvart 5. år – neste gong i 2013. Avgifta blir avsett til næringsfondet.

Renteinntekter/Renteutgifter:

Renteinntekter:

På grunn av låg rente og svak likviditet vil denne bli redusert med 400.000 til ca 800.000. Av dette er 400.000 renter på fondsmidler og utlån og 400.000 renteinntekter på ordinært bankinnskott.

Utbyte:

Utbyte som er frå Lærdal Energiverk vart på 430.000 som er 30.000 over budsjett.

Renteutgifter og avdrag på lån:

Vedtekne låneopptak for 2012 på om lag 10 millionar vart gjennomført i september. Renter på lån og avdrag vil vere i tråd med budsjett.

Lærdal kommune har svært høg lånegjeld. Det vil vere muleg å utsetje avdrag i 2012. Dette kan redusere finanskostnadene med 1-1,5 mill i 2012. Dette er imidlertid eit kortsiktig tiltak som ikkje vert tilrådd. I sist vedtekne økonomiplan er det påpeika at det er ein intensjon at lånegjelda skal reduserast og då vil det vere eit motstridende signal å utsetje avdragsbetaling. Fylkesmannen har også påpeika at det må gjerast tiltak for å redusere lånegjelda, dette har mellom anna med sårbarheit for renteendringar framover å gjere. Det er grunn til å merke seg at Lærdal kommune låg suverent på topp i Sogn og Fjordane og heilt i landstoppen pr 31.12.2011 med lånegjeld pr innbyggjar. Denne gjelda var då på over 108.000 pr innbyggjar i Lærdal, medan snittet for fylket var 55.000 og snittet for landet utanom Oslo var på 41.000. (Tala er henta frå Kostra).

Avsetningar og bruk av avsetningar:

Avsetning til konsesjonsfondet blir redusert med 250.000 som følgje av lågare renteinntekter.


Vurdering

Sidan 1. tertial er det gjort grep for å betre stoda. Dette slår positivt ut på prognosen med ein reduksjon på overforbruket på om lag 2,4 mill ved utgangen av året. Dette er oppmuntrande og viser at organisasjonen er på rett veg.

Samstundes er stoda for organisasjonen krevjande i høve framtidige økonomiske utfordringar. Lividitetsvanskane understrekar alvoret i situasjonen.

Me manglar også kapasitet då fleire stillingar knytt til oppvekst står vakante. Me fyller ikkje lovkrava til skulefagleg kompetanse. Dette er ei stode som ikkje kan vare ved.

Det er meldt inn ei rekke behov for større og mindre investeringar. Ut frå den økonomiske stoda er det feil å handtere desse ein og ein. Administrasjonen har gjort framlegg om å samle opp alle behov og handsame desse på siste møte før årsskiftet. Slik får me høve til å gjere ei prioritering mellom dei ulike tiltak. Formannskapet slutta seg til dette.



Hovudbodskap

Forvaltningsrevisjon har vore retta mot pleie – og omsorgstenester i Lærdal kommune. Nedanfor er våre konklusjonar på problemstillingane og våre tilrådingar.

Problemstilling 1: Kva rutinar for avviksrapportering (både økonomi og fag) er etablert frå tenesteleiar til rådmann og frå rådmann til politisk nivå?

Generelt er det vår vurdering at det fins formaliserte rutinar for avviksrapportering, men det har vore mangelfull disiplin og kommunikasjon knytt til avviksrapportering både på økonomi og fag.

For økonomi er det formelle rutinar for tertialrapportar og årsmeldingar til politisk nivå. Kommunen har og formell rutine for månadlege avviksrapporteringar. Denne rutina er lite kjent i organisasjonen og vert ikkje fulgt. Etter vår vurdering har ikkje kommunen hatt ein fungerande struktur for avviksrapportering frå tenesteområda til rådmannen.

Kommunen har for 2011 innført periodisering av budsjettet, noko som etter vår vurdering vil legge betre til rette for avviksrapportering frå tenesteområda i framtida. Det er planar om å innføre eit nytt rapporteringssystem, men per i dag fins det ikkje formaliserte rutinar for korleis avviksrapportering frå tenesteområda til rådmannsnivå skal skje.

For avvik på pleie- og omsorgstenester fins rutinar for rapportering og handsaming av avvik innan pleie og omsorg. Rutinane har i liten grad vore fulgt, noko som svekker mogleiken til å rette opp feil og manglar i pleie- og omsorgstilbodet som brukarane får. Det svekker og organisasjonen si mulegheit til å lære av eigne feil. Ny helse- og omsorgsleiar har våren 2011 satt fokus på at forbetre avviksarbeidet i pleie og omsorg.

Det er ikkje system/rutinar for rapportering av avvik innan pleie og omsorg frå tenesteleiar til rådmannen eller frå rådmannen til politisk nivå.

Tilråding

Rutinar for avviksrapportering på økonomi bør utarbeidast og kommuniserast i organisasjonen. Bruken av rutinane må fylgjast opp. Rutinane bør legge opp til at tenesteområda gjennom året og i årsmeldingar legg fram skriftlege avviksrapportar med forklaring på eventuelle avvik. Dette er og viktig for å sikre at budsjetteringsprosessen for komande periodar kan baserast på riktig faktum.

Rutinar for avviksrapportering på pleie og omsorgstenester må kommuniserast i organisasjonen, takast i bruk av tilsette og leiing, samt at kommunen aktivt må ettersjå at avviksrutinane vert fylgt opp i praksis.

Problemstilling 2: Har kommunen rutinar for oppfølging av arbeidsmiljøet innan pleie og omsorg?

Kommunen har formaliserte system og rutinar for oppfølging av arbeidsmiljøet i pleie og omsorg, men desse rutinane vert etter vår vurdering liten liten grad nytta. Etter vår vurdering har systematisk arbeid med helse, miljø og tryggleik i pleie- og omsorgssektoren i stor grad vore fråverande. Det har vore lite fokus på kartlegging av korleis arbeidsmiljøet er, noko som klart svekker kommunen si kjennskap til arbeidsmiljøet, herunder manglar og behov. Dette svekker mogleiken til å førebygge og sette inn tiltak for å betre arbeidsmiljøet.

Manglande systematisk arbeid med helse, miljø og trykkleik i pleie og omsorg er heller ikkje i tråd med arbeidsmiljølova § 3-1.

Tilråding

Kommunen har rutinar for systematisk arbeid med helse, miljø og trykkleik i pleie og omsorgssektoren og desse rutinane bør kommuniserast og takast i bruk.

Problemstilling 3: Har kommunen rutinar for oppfølging av innkjøp innan pleie og omsorg?

Kommunen har per i dag ikkje etablert rutinar for oppfølging av innkjøp innan pleie og omsorg. Det er heller ikkje tilsyn med at innkjøpa er i samsvar med innkjøpsregelverket. Dette medfører risiko for brot på innkjøpsregelverket med påfølgande økonomiske konsekvensar for kommunen i form av overtredingsgebyr.

Fakta indikerer at det i dag løpande vert føreteke innkjøp ved alders - og sjukeheimen ved direktekjøp frå leverandør, utan at innkjøpa er basert på konkurranse. Dette er ikkje i samsvar med grunnleggande krav i lov om offentlege innkjøp § 5 og forskrift om offentlege innkjøp § 3-1.

I kommunen er det satt ned ei arbeidsgruppe som skal utarbeide rutinar og sikre samsvar mellom kommunen sine innkjøp og innkjøpsregelverket. Dette er etter vår vurdering positivt.

Tilråding

Vi rår til at arbeidet med innføring av rutinar for innkjøp vert gjeve prioritert. Vi rår til at løpande innkjøp som ikkje er basert på konkurranse vert stoppa og at framtidig kjøp vert basert på konkurranse.

Problemstilling 4: Korleis fungerer kommunen sine rutinar for tildeling av tenestetilbod innan pleie og omsorg?

Kommunen har ikkje retningslinjer for tildeling av pleie- og omsorgstenester, herunder heller ikkje retningslinjer for inntaksmøta eller standardiserte kriteria for tildeling av ulike typar av pleie- og omsorgstenester.

Kommunen er ikkje pålagt å ha slik rutiner, men etter vår vurdering kan rutiner for inntaksmøta bidra positivt til å klargjere roller og ansvar for deltakarar i inntaksmøta, samt sikre at alle søknader vert vurdert ut i frå behov og i høve til dei same kriteria/vilkåra. Vi syner til at det ikkje har vore full klårleik kring roller og ansvar i inntaksnemnda. Vi syner og til at det ikkje har vore full semja i inntaksmøta om det er behov eller ressurs/kapasitetsomsyn som er styrande for vurderinga ved tildeling av tenester.

Gjennomgang av åtte enkeltsaker om tildeling av pleie- og omsorgstenester våren 2011 syner fylgjande:

- I to saker låg det ikkje føre dokumentasjon på at IPLOS var registrert før vedtak vart fatta.
- I ei av tre saker kor sakshandsamingstida var meir enn fire veker var det ikkje sendt ut eit skriftleg førebels svar til søkar om når saka ville bli handsama. Etter forvaltningslova § 11 a skal det lagast foreløpig svar når sakshandsamingstid går ut over fire veker.
- Dei skriftlege vedtaka er grunngeve ut frå behovet til søkaren.

Etter vår vurdering tek det unødig lang tid frå søknaden er handsama i inntaksmøtet til søkar får skriftleg melding om utfallet. Dett skuldast mangel på ressursar til sakshandsaming. Skriftleg melding bør sendast ut snarleg etter at vedtaket er gjort slik at søkar og pårørande så tidleg som mogleg er sikra skriftleg informasjon om kva vedtak som er fatta.

Kommunen har tekniske rutiner for sakshandsaming av søknader, og desse vert etter vår vurdering i det alt vesentlege fylgt.

Tilråding

Det bør utarbeidast rutiner / retningslinjer for tildeling av pleie og omsorgstenester, herunder for inntaksmøta. Retningslinjer bør inkluderer standardiserte kriteria for tildeling av ulike pleie- og omsorgstenester.

Vi rår til at det vert vurdert å utvide førebuinga av sakshandsaminga som skjer forut for inntaksmøta. Det bør føreligge ferdige utkast til vedtak før inntaksmøta, som godtakast eller endrast av inntaksmøtet. Vedtak som inntaksnemnda gjer bør skrivast i sakshandsamingsystemet under møta, og sendast ut fortløpande etter møtet.

Problemstilling 5: Korleis har sjukefråvær og gjennomtrekk i personalet utvikla seg dei siste 5 åra? Korleis forklarar ein denne utviklinga?

Når det gjelder sjukefråværet har dette vore tilnærma uforandra i alders- og sjukeheimen i perioden 2006- 2010. Langtidsfråværet i alders- og sjukeheimen var i 2010 8,9%.

I heimetenesta har det derimot vore ein nedgang i langtidssjukefråværet i 2006-2010 for både heimesjukepleien og heimhjelpen i perioden 2006-2010.. I 2010 var langtidsfråværet mellom 3-4 %.

Det legemeldte sjukefråværet i Lærdal kommune gått opp i perioden 2006- 2010. I samanlikningskommunar har sjukefråværet gått ned. Fråværet i Lærdal ligg 2 - 4 % over nivået i samanlikningskommunane.

Den største årsaka til sjukefråvær i pleie og omsorg i 2006- 2010 har vore muskel- og skjelettlidingar. Andelen av fråvær som skuldast muskel- og skjelettlidingar har auka gjennom perioden både for fråvær ved sjukeheimen og i heimetenesta.

Det har vore sett i verk mange ulike tiltak i kommunen for å få ned sjukefråværet, og dette er positivt. Men etter vår vurdering har arbeidet med tiltaka vore lite systematisk.

Etter vår vurdering indikerer fakta at kommunen sine rutinar for oppfølging av sjukemeldte ikkje er fulgt opp i alle tilfelle, dette til trass for at rutinen er kommunisert til alle leiarar i pleie og omsorg.

Når det gjelder gjennomtrekk i bemanninga (turn over) har det totalt vore 38 oppseiingar i pleie og omsorg i perioden 2006- 2010. Totalt har det i perioden vore fleste oppseiingar ved alders- og sjukeheimen, som og er den klart største avdelinga innan pleie og omsorg med 34,5 årsverk. I pleie og omsorg har det samla vore ein vekst i talet på årsverk med ca 17 årsverk frå 2006 til 2010 (74,4 årsverk).

Ser ein på turn over og stillingar så har det vore størst turn over i leiarstillingar i pleie og omsorg i perioden 2006-2010. Av 38 oppseiingar gjeld sju oppseiingar leiarstillingar.

Etter vår vurdering er det i heile 18 av 38 oppseiingar ikkje opplyst om årsak til oppseiing. Etter vår vurdering er det uheldig at kommune ikkje har system for å fange opp årsaker til at tilsette avsluttar arbeidstilhøvet og kommunen bør legge betre til rette for tilbakemeldingar frå tilsette om kvifor dei sluttar.

Ut frå oppseiingsbrev avsluttast arbeidsforhold pga helserelevante årsaker, tilbod om ny jobb, ulagleg arbeidstid, pensjonering og konflikter på arbeidsplassen/misnøye med leiinga. Opplysningar frå respondentar tilseier at mangelfull organisering av arbeidet/mangelfull leiing ved alders- og sjukeheimen er ein medverkande faktor til oppseiingar i større grad enn kva som går fram av oppseiingsbrev.

Tilråding

Vi rår til at arbeidet med å få ned sjukefråværet held fram og at arbeidet vert innretta på ein meir systematisk måte: Årsaker bør kartleggast og overvakast, med utgangspunkt i årsaker bør det lagast strategiar og settast inn tiltak, tiltak bør evaluerast og resultat av innsatsen bør dokumenterast.

Vi rår og til at kommunen ser til at alle sjukemeldte i pleie og omsorg vert fulgt opp i samsvar med kommunen sine rutinar.

Kommunen bør utforme ein standardmal for oppseiingar som skal nyttast og som mellom anna oppfordrar den tilsette til å oppgje årsak til kvifor ein vel å avslutte arbeidstilhøvet. Dette vil kunne vere nyttige og verdfulle attendemeldingar til arbeidsgjevar inn i arbeidet med forbetring av arbeidsmiljø og med rekruttering til pleie og omsorg.

Problemstilling 6: Kva vart effekten av rekrutteringspakka i 2008?

Etter vår vurdering har rekrutteringspakka hatt ein positivt effekt og gitt eit viktig bidrag inn arbeidet om å støtte behovet for bemanning i pleie og omsorg:

- Rekrutteringspakka resulterte i at pleie- og omsorgssektoren fekk tilsett fleire sjukepleiarar, hjelpepleiarar og vikarar.
- Nokre tiltak gav kun ein kortsiktig effekt; mellom anna tiltaket om å tilby gratis møblert bustad i eit år.
- Nokre tiltak har gjeve ein langsiktig effekt; tiltak retta inn mot jobbtrening for tilsette, samt stipend og 25% løn under utdanning mot to års bindingstid. Dette er tiltak som pleie- og omsorgssektoren har fortsatt med.

Bemanningsbehovet er framleis ikkje dekka inn. Kommunen arbeidet no med ein kompetanse- og rekrutteringsplan for å imøtekomme framtidige behov, noko som er positivt.

Med få unntak vart alle tiltaka som låg i rekrutteringspakka gjennomført. Det har vore minst arbeid med tiltaket om å gje fagleg styrke til dei som allereie jobbar innanfor pleie og omsorg. Etter vår vurdering er behovet for kompetanseutvikling/opplæring noko som tilsette har påpeika i fleire år; i medarbeidarkartlegginga i 2008, i nærversprosjektet i 2009 og i bedriftshelsetenesta si undersøkinga i 2011.

Tilråding

Vi rår til at kommunen i rekrutteringsarbeidet jobbar vidare med tiltaka som er starta og som erfaringsvis har bidrege mest til sysselsetting i pleie og omsorg på lang sikt.

Vi rår til at kommunen arbeider for ein fagleg styrking av tilsette innan pleie og omsorg, herunder tilbyr kompetanseheevande tiltak og sikrar tilstrekkeleg opplæring for alle.



Til:

Dok. ref.

10/1116-16/K1-216//22MARTHU

Dato:

31.10.2012

Notat om:**Statusrapport etter forvaltningsrevisjon retta mot pleie-og omsorgstenestene i Lærdal kommune**

Syner til forvaltningsrevisjonsrapport frå KPMG frå 2011 og at kontrollutvalet ber om ein statusrapport om oppfølginga av dei seks tilrådingane som kjem fram i rapporten.

Bakgrunn

Våren 2011 var pleie-og omsorgstenestene i kommunen gjennom ein forvaltningsrevisjon. Føremålet med revisjonen var å ettersjå oppfølginga av store budsjettoverskridingar over fleire år og alvorlege manglar i rapporteringssystemet for kommunen. I tillegg ville ein få kartlagt og undersøkt utviklinga av sjukefråveret, stor "turnover", effekt av rekrutteringspakke og system for tildeling av tenester.

På bakgrunn av desse føremåla vart det formulert seks problemstillingar (*Forvaltningsrevisjonsrapport 2011, s 9*) i stikkordsform gjengitt slik:

- Rutinar for avviksrapportering (fag og økonomi)
- Rutinar for oppfølging av arbeidsmiljøet
- Rutinar for oppfølging av innkjøp
- Rutinar for tildeling av tenester
- Sjukefråver og gjennomtrekk av personell
- Effekt av rekrutteringspakke

Tilrådingar

- 1) *Rutinar for avviksrapportering på pleie-og omsorgstenester må kommuniserast i organisasjonen, takast i bruk av tilsette og leiing, samt at kommunen aktivt må ettersjå at avviksrutinane vert fylgt opp i praksis.*

Pleie-og omsorgstenestene i kommunen har rutinar for avvikshandtering, men desse vart ikkje fylgt. Det var lite innmeldte avvik og dei tilsette hadde liten kjennskap til rutinane rundt internkontroll, innmelding og oppfølging av avvik. I den grad avvik vart meldt fekk ikkje tilsette tilbakemelding på desse

Tiltak som er sett i verk:

Som revisjonsrapporten peikar på vart det våren 2011 etablert eit kvalitetsutval der tiltak og oppfylgjing av avvik vert handtert.

I kvalitetsutvalet møter alle leiarar saman med verneombod kvar 14.dag. Føremålet med denne etableringa var ein lekk i å imøtekomme pålegget om å etablere eit system for internkontroll (forskrift om internkontroll i sosial-og helsetenesten).

For å setje fokus på kvalitetsarbeid og HMS har alle tilsette fått opplæring i avviksrutinane. Dette har me gjort ved at HMS-koordinator har hatt informasjon, i møte med tilsette, om kommunen sine retningslinjer for melding av avvik. Rutinane har vore gjennomgått og dei tilsette er oppmoda om å melde avvik som ein del av kvalitetsarbeidet i tenesta. I tillegg har leiarane hatt særleg fokus på avvikshandtering i møte med tilsette.

Rutinane er slik: tilsette melder avvik på fast skjema og legg dette i eigen perm i avdelinga. Kvar 14.dag vert desse handsama i kvalitetsutvalet. Utvalet gir skriftleg tilbakemelding med tiltak direkte i skjema og legg dette tilbake i permen slik at dei tilsette kan finne tilbake til meddele avvik med tilbakemeldingar på ein enkel måte.

Tilpassing av rutinar:

Etter om lag eit år har ein sett at det har vore ein radikal vekst i innmelde avvik (frå 0 til 148 avvik frå april –desember 2011). Dette har ført til at kvalitetsutvalet har nytta mange timar på å handsame alle avvik uavhengig av alvorsgrad. Det vedteke at dei fleste avvika er av ein slik karakter, både i innhald og alvorsgrad, at dei kan handsamast lokalt av avdelingsleiarane og verneombod i kvar avdeling. Dei avvika som er av ein slik karakter at dei ikkje kan handsamast lokalt vert meldt inn til kvalitetsutvalet. Kvalitetsutvalet skal til ei kvar tid ha oversikt over alle avvik som er meldt inn i kvar avdeling. Desse vert kort lagt fram i kvalitetsutvalet.

Grad av måloppnåing:

Dersom ein skal måle etter tal innmelde avvik har det vore stor grad av måloppnåing. Det er sett fokus på å melde avvik og det vert gitt systematisk tilbakemelding.

Det har imidlertid ikkje vore vurdert grad av læring, endring av praksis, kontroll, evaluering og forbetring som følgje av innmelde avvik. Nokre prosedyrar er blitt enda som følgje av innmelde avvik og nokre eksisterande prosedyrar er løfta fram og sett fokus på etter innmelde avvik. Likevel set internkontrollen krav til faglege og administrative rutinar slik som vurdering av dei eksisterande ordningar, rutinar og praksis. Det har ikkje vore høve til å arbeide grundig nok med dette og det gjenstår mykje arbeid før me kan seie at me har eit tilfredsstillande system som fangar opp alle element i ein god internkontroll. Tenesta vil ha fokus på også dette arbeidet framover. Målet er at kvalitetsarbeid i tenesta skal vere ein måte å jobbe på og ikkje skippertaksprega slik det til tider kan framstå som.

2) Kommunen har rutinar for systematisk arbeid med helse, miljø og tryggleik i pleie-og omsorgssektoren og desse rutinane bør kommuniserast og takast i bruk

Det har over tid vore ein svært høgt sjukefråver innan pleie-og omsorgssektoren, særleg på sjukeheimen. I dei andre avdelingane er sjukefråveret forholdsvis stabilt.

Gjennom dei siste åra har det vore gjennomført fleire kartleggingar og undersøkingar for å prøve å redusere sjukefråveret og om mogeleg betre arbeidsmiljøet på sjukeheimen.

Bedriftshelsetenesta har vore nytta fleire gonger for denne type kartlegging og analysar. Den siste analysen og rapporten vart gjennomført i 2011. Det er peikt på fleire tiltak som kan prøvast ut for å betre situasjonen. Det har vore vanskeleg å gjennomføre systematiske tiltak på dette området utan at leiarnivået i tenesta har vore etablert.

Tiltak som er sett i verk

- Kartlegging: Underteikna har gjennomført ei rekke samtalar med tilsette i heile pleie- og omsorgstenesta i løpet av våren 2011. I tillegg har eg hatt samtalar med tidlegare tilsette som har sagt opp stillingane sine på sjukeheimen. Føremålet med desse samtalane har vore å prøve å forstå og skape meg eit bilete av kva dei tilsette opplever som problematisk i forhold til eigen arbeidsplass. Konklusjonen etter desse samtalane, som og rapportane frå bedriftshelsetenesta støttar, er at tilsette på sjukeheimen er frustrert over dårleg organisering av arbeidet og det dei opplever som mangelfull oppfølging og leiing. Ein veit frå erfaring at tilhøve som skuldast arbeidsmiljøet og misnøye med arbeidsplassen kan vere ein årsak til høgt sjukefråver. I tillegg til dette er gjennomsnittsalderen på tilsette på sjukeheimen 49 år – som er forholdsvis høgt. Ein veit at kvinnedominert yrke har høg score på muskel- og skjelettplager, dette aukar med alderen og tal år i yrket. Dette er viktige faktorar som ikkje må undervurderast når ein samla sett skal gjere ei vurdering av arbeidsmiljøet og gripe fat i utfordringar med å få ned sjukefråveret.
- Leiarnivået under helse- og omsorgsleiar er etablert og det er tilsett to nye avdelingsleiarar ved sjukeheimen frå august 2012.
- Sjukeheimen er omorgansiert til mindre grupper med ein leiar for kvar gruppe frå oktober 2012.
- Det er påny sett i verk eit prosjekt leia av bedriftshelsetenesta som skal gjere enno ei kartlegging av arbeidsmiljøet på sjukeheimen etter LØFT-metoden. Basert på funn i kartlegginga vil det bli sett ned arbeidsgrupper som skal arbeide med relevante problemstillingar. Oppstart i november 2012.
- Underteikna har hatt samtalar med alle tilsette på sjukeheimen (44 stk) i løpet av tre dagar i veke 44. Grunnlaget for desse samtalane er ei personeleg uro og bekymring for arbeidsmiljøet. Føremålet med desse samtalane er å prøve å finne ei eventuell samanheng mellom dårleg arbeidsmiljø og høgt sjukefråver. Denne undersøkinga er så fersk at funna er ikkje bearbeidde enno. Truleg vert desse trekt inn i ei samla vurdering etter bedriftshelsetenesta har gjort si vurdering.
- Opplæring av leiarar i sjukefråversoppfølging. Opplæringa er gjennomført med støtte frå NAV.
- Opplæring av leiarar i medarbeidssamtale. Opplæringa er støtta av bedriftshelsetenesta.
- Opplæring av leiarar i helse, miljø og tryggleik er delvis gjennomført og dei nye leiarane får opplæring i løpet av november.

Grad av måloppnåing

Fleire av tiltaka som kjem fram her i denne rapporten er forholdsvis ferske og nokre er under planlegging. Sjukefråveret har hatt ei positiv utvikling gjennom året, også på sjukeheimen. Likevel er det framleis høgt, men målet er at dei tiltaka som er beskrevet skal vere med på å redusere sjukefråveret.

3) Innføring av rutinar for innkjøp. Alle kjøp skal vere basert på konkurranse.

Det er sett ned ei arbeidsgruppe som har utarbeidd rutinar basert på innkjøpsregelverket. I dette arbeidet har ein representant frå tenesta vore deltakar. Alle innkjøp er basert på konkurranse.

- 4) *Det bør utarbeidast rutinar for tildeling av pleie-og omsorgstenester, herunder for inntaksmøta. Retningslinene bør inkludere standardiserte kriteria for tildeling av ulike pleie-og omsorgstenester. Førebuinga av saker bør skje mest mogeleg i forkant av inntaksmøta og vedtaka bør sendast ut fortløpande etter møta.*

Tiltak:

Det er laga nye rutinar for sakshandsaminga i tenesta. Dette inkluderer eit flytskjema og prosedyre som viser saksgangen ved søknad om pleie-og omsorgstenester. Det er og gjort mykje arbeid med justering og forbetring av retningsliner og kriterium for tildeling av tenester.

I tillegg til dette vart det i samband med Samhandlingsreforma eitt nytt lovverk som og fekk konsekvensar for sakshandsaming og tildelingskriterium. Det nye lovverket er implementert i sakshandsamingsrutinane våre. Mellom anna er alle malar justert etter nytt lovverk. Dette var forholdsvis omfattande og krevjande å gjennomføre.

Før tildelingsmøta prøver sakshandsamarane å skaffe seg mest mogeleg informasjon om situasjonen til søkeren slik at ein har eit best mogeleg beslutningsgrunnlag før tildeling av tenester. Før tildelinga vert alle søkerarne vurdert gjennom IPLUS –kartlegging. I tillegg vert det gjennomført vurderingsbeøk i heimen eller på sjukehus.

Grad av måloppnåing: Det er gjort eit viktig arbeid for å sikre rettsikkerheita til brukarane våre gjennom å utarbeide standardiserte retningsliner for tildeling og kriterium. Det gjenstår ein god del arbeid med å gjere desse kjent både i tenesta og for innbyggjarane våre. Me bør lage ei ny serviceerklæring og sikre god informasjon om nye retningsliner for tenesta. I tillegg har me ikkje nådd målet om at sakshandsamingstida skal ned og at søkarar skal få skriftleg melding om vedtak utan opphald etter inntaksmøta. Me arbeider for at dette målet skal realiserast om ikkje lang tid.

Punkt 5 har eg belyst over utanom eitt forhold: standardmal for oppseiingar er no laga og alle tilsette som sluttar vert bedt om å fylle ut eit skjema med høve til tilbakemeldingar til arbeidsgjevar om årsaker til at vedkommande sluttar.

Punkt 6 viser til vedlegg frå Inger Bakken om vurderingar av rekrutteringspakka frå 2008.

Margun Thue
helse og omsorgsleiar



Til:

Margun Thue

Dok. ref.

11/27-11/K1-430, K3-&32//INBA

Dato:

31.10.2012

Notat om:

Evaluering av rekrutteringstiltak i pleie- og omsorg

Rekrutteringspakken frå 2008 har vore evaluert i fleire omgangar og /forum.

- 1) *Fagleg styrking av dei som er tilsette innanfor pleie og omsorgstenesta*
- 2) *Arbeidsmiljøtiltak/kurs*
- 3) *Vurdering av lønnsnivået for nøkkelpersonalet*
- 4) *Gratis møblert bustad/leilegheit i eit år (2009)*
- 5) *8 års ansiennitet til sjukepleiarar og hjelpe-/omsorgsarbeidarar med kort oppteningstid*
- 6) *25 % løn under utdanning til dei som tek sjukepleiarutdanning (to års bindingstid)*
- 7) *Kr 25 000 i stipend for å ta sjukepleiar-/omsorgs-/helseserviceutdanning (to års bindingstid)*
- 8) *Legga til rette for organisert jobbtrening slik at ufaglærde med lang praksis kan ta fagbrev i t.d. omsorgsarbeidarfaget.*
- 9) *Ha tett kontakt med ev. oppsøka høgskular med line for sjukepleiarutdanning, for å marknadsføra pleie- og omsorgsarbeidet (ev. pleie og omsorg)*
- 10) *Ta kontakt med sisteårsstudentar på vidaregåande skular i nærområdet for å gje dei høve til å prøva seg i helgevakter dersom dei kan tenkja seg ei utdanning innan helse og omsorg.*

Pkt 4 er gått ut

Pkt 5 vert frå denne planen er vedteken retta til 10 år (15.02.2012)

1,2,3) er eit kontinuerleg arbeid

4) Gjekk ut etter eit år. Erfaring viste at me fekk ein del tilsette som kom og arbeidde her i eit år, for deretter å flytta vidare.

5) Dette er eit svært positivt tiltak som gjer oss konkurransedyktige i høve kringliggjande kommunar. Å måla effekten er likevel vanskeleg.

6) Tiltaket er svært positivt for dei tilsette i pleie og omsorg. Me har ein student som tek sjukepleiarutdanning på denne ordninga og to som har fått same ordning for å ta masterstudium i *organisasjon og leiing*.

7) Er nytta av to personar.

8) Seks personar er inne i systemet for jobbtrening med sikte på fagbrev

9) Fem studentar på sjukepleiarhøgskule som har knyting til vår teneste. Dei tek helge- og ekstravakter og blir følgd med for om mogeleg å rekruttera dei til Lærdal når dei er ferdige.

Tiltaket med arbeid annakvar helg – 80% jobb og 100% løn vart vedteke for eit år, var svært etterspurd, hadde god verknad på overtidsbruken og god effekt på inndekking av vakante helgevakter.

Administrasjonsutvalet valde å ikkje vidareføra desse grunna direktekostnadane.

Å satsa på å gi tillit til utvikla og ta vare på egne krefter, vurderer personalleiar som det mest langsiktige tiltaket for rekruttera og stabilisera bemanningssituasjonen både i pleie og omsorg og i resten av organisasjonen.

Inger Bakken
personalleiar

6.2.3 Rekruttering og stabilisering i pleie og omsorg.

Administrasjonsutvalet i Lærdal kommune har i møte den 16.10.2007 vedteke følgjande rekrutteringstiltak for at det skal bli meir attraktivt å søka jobb i pleie-og omsorgstenestene i Lærdal:

1. Fagleg styrking av dei som er tilsette innanfor pleie – og omsorg
2. Arbeidsmiljøtiltak/kurs
3. Vurdering av lønnsnivået for nøkkelpersonalet
4. Gratis møblert bustad/leiligheit i eit år (2009)
5. 8 års annsiennitet til sjukepleiarar og hjelpe/omsorgsarbeidarar med kort oppteningstid
6. 25% løn under utdanning til dei som tek sjukepleiarutdanning (to års bindingstid)
7. Kr. 25 000 i stipend for å ta sjukepleiar/omsorgs/helseserviceutdanning (to års bindingstid)
8. Legga til rette for organisert jobbtrening slik at ufaglærde med lang praksis kan ta fagbrev i t.d. omsorgsarbeidarfaget.
9. Ha tett kontakt med evt. oppsøka høgskular med line for sjukepleiarutdanning, for å markedsføra pleie – og omsorg
10. Ta kontakt med sisteårsstudentar på vidaregåande skular i nærområdet for å gje dei høve til å prøva seg i helgavakter dersom dei kan tenkja seg ei utdanning innan helse og omsorg.

Pkt 4 er gått ut

Pkt 5 vert frå denne planen er vedteken retta til 10 år



Til:
Administrasjonsutvalet

Dok. ref.
07/755-6/K1-410//INBA

Dato:
04.04.2008

Notat om:
REKRUTTERING OG STABILISERING PLEIE OG OMSORG - STATUS

Dei vedtekne tiltaka har hatt god verknad

Til dei utlyste helgestillingane – arbeid annakvar helg 80% jobb 100% lønn - fekk me 15 søknader og me tilsette 10 personar.

Dette er ei løysing som har vorte godt motteken og vore til god hjelp.

Med 10 personar som har denne ordninga vil ein få ekstra kostnader for 2008 på **kr 550.000,-**

Gratis husvære i eit år: tre sjukepleiarar og to hjelpepleiarar som har fått gratis husvære i eit år.

Kristin Kruger / Roger Dittrich – Øyramarki 20	kr 4000,00 pr mnd	utgifter 2007	kr 48.000,-
Inger Therese Sanden, Hanseskogen	kr 5480,00 pr mnd	utgifter 2007	kr 43.840,-
Lone Berge Alme, Uthushaugen 4	kr 3.000,00 pr mnd	utgifter 2007	kr 24.000,-
Malin Øvstetun, Øyramarki 2	kr 3.300,00 pr mnd	utgifter 2007	kr 23.100,-

Husleige **kr 138.940,-**

8 år ansiennitet for både sjukepleiarar og hjelpepleiarar/helsefagarbeidarar vert godt motteke og gjer oss konkurransedyktige i forhold til rundtliggjande kommunar. Det er vanskeleg å seia noko om effekten av tiltaket.

Ordfører – kommunestyre

Eg har har noko voldsomt positivt å fortelja dykk – det gjeld pleie og omsorg.

Som de veit veks ikkje sjukepleiarar og fagarbeidarar på tre. Spesielt sjukepleiarar er det rift om. Ved oppteljing i dag har me 15,75 årsverk sjukepleiarar + 1,5 i permisjon hjå oss. Bemningsplanen seier 16. No jobbar 2 av desse i spesielt tilrettelagde tenester så me har ikkje full dekning. Me har utlyst stilling no og har søkjarar.

Det er betydeleg fagkompetanse i pleie og omsorg i Lærdal!

Me har siste året hatt stor interesse for å ta utdanning innan helse og pleie. Og er det noko me har bruk for, og får enno meir bruk for, så er det sjukepleiarar/vernepleiarar og helsefagarbeidarar.

Administrasjonsutvalet vedtok rekrutterings og stabiliseringstiltak i pleie og omsorg

Intressen for dessa har vore aukande spesielt siste året – kanskje fordi det tek tid før da ha vorte kjent.

Eg har tidligare sendt ut eit notat om detta då eg ikkje visste om eg fekk komma hit.

Situasjonen er i dag at me har:

5-6 som er i praksis for å ta fagbrev som vaksne – då krev det 5 år praksis. Me har ikkje oppretta praksisplassar eller assistentstillingar men tek dei inn i vikariat og ledige vakter.

Så har me 5 som er kommen inn på sjukepleiehøgskulen og ei som står på venteliste. To av dei er starta opp i haust og dei andre startar i januar.

Det er ei av våre hjelpepleiarar og dei andre er kjekke ungdommar frå Lærdal.

Eg hadde møte med dei den 2. sept – og snakka med dei om kva me kan tilby og kva me kan hjelpe med og. Me kan kanskje strekka oss til å betala studentbillett med bussen frå Førde når dei er heime og tek helgavakter i pleie og omsorg.

Eg er veldig stolt over desse som har jobba hjå oss som assistentar i vinter og som sommarvikarar – dei må jo ha likt seg godt når dei ønskjer å satsa på ei slik utdanning – og dei ønskjer seg praksis i pleie og omsorg i Lærdal – det var dei tydeleg på.

Og sjølv om dei ikkje kjem heim til Lærdal så er det flott å ha medvirka til så mange ny sjukepleiarar til samfunnet vårt.

I tillegg til dette har me to av våre gruppeleiarar som startar opp masterstudie i organisasjon og leiing /helse – velferd og utdanningsleiing.)

Så er me og med på ei fagskuleutdanning i helse, aldring og aktiv omsorg – deltid over to år – på Årdal vidaregåande skule. Det har det vore stor interesse – på melding no.

Problemet vårt er at det er ein dag per veke og me har ikkje høve til senda så mange då me ikkje har vikarar.

Enno veit eg ikkje om det vert eit problem.

Me driv og lagar ein overordna kompetanse og rekrutteringsplan – som. skal hjelpa oss å prioritera når me er så heldige å ha mange som ønskjer å ta utdanning.

Me er i gang med å registrera kjendt manglande kompetanse og kompetanse me ønskjer å tileigna oss

Ja, det va det eg ville fortelja dikka! – flott – ikkje sant!!!!

Nokon som vil spørja om noko – eller skryta av pleie og omsorg?

Takk for meg!



Lærdal kommune

Sakspapir

Saksnr	Utval	Møtedato
092/12	Kommunestyret	18.10.2012

Sakshandsamar: Alf Olsen jr

Arkiv: K1-216

Arkivsaksnr. 12/532 – 3

Forvaltningsrevisjon 2012

Kort samandrag

Kontrollutvalet har behandla saka.

Tilråding frå kontrollutvalet:

Kontrollutvalet fremjar følgjande foslag til vedtak til kommunestyret:

”Kommunestyret i Lærdal vedtek framlagde plan for forvaltningsrevisjon for Lærdal kommune 2012-2015 og framlagde plan for selskapskontroll for Lærdal kommune 2012-2015”.

18.10.2012 KOMMUNESTYRET

KS-092/12 VEDTAK:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteken.

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel
09.10.2012	Oversending innstilling til vedtak om plan for forvaltningsrevisjon.pdf

Dok.ID
61962

Vedkomande førespurnad frå ordførar om konsekvensar ved redusert budsjett 2013 til kontrollutval Lærdal kommune

Syner til telefonsamtale og e-post av 31. oktober frå ordførar.

Kontrollutvalet har formelt i møte 12. september sak 20/2012 vedteke budsjettframlegg. Leiar i kontrollutval kan ikkje endre på dette framlegget. Det er mogeleg for formannskap/kommunestyre å gjere anna vedtak. Under gjer leiar greie for kritiske nivå, kva som er mogeleg å endre på kort sikt og konsekvensar av endra budsjett. Håper dette er tilfredstillande.

02.11.12 Olav Grøtnebø, leiar i kontrollutvalet

Pkt.	Område	Budsjett- framlegg	Kommentar	Konsekvens
1	Fast godtgjerdse til leiar	18.000.-	Er iht. reglement.	-
2	Fast godtgjerdse til medlemmar	15.600.-	Er iht. reglement.	-
3	Tapt arbeidsfortjeneste	5.800.-	Kan vere mogeleg å flytte nokre møter til kveldstid og redusere litt denne post.	Ulempe er at adm. då ikkje er på arbeid.
4	Kilometergodtgjerdse/diett	5.000.-	Treng å vere slik.	-
5	Arbeidsgjevaravgift	4.700.-	Heng saman med godtgjerdse.	-
6	Kontigentar	1.000.-	-	-
7	Kurs/konferansar	40.000.-	Mogeleg å redusere til kritisk nivå kr. 10.000.-	Mindre kompetanseutvikling og kunnskap om faget. Bør som minimum delta på fellesforum i fylket.
8	Justering for prisvekst 2011-2012	2.100.-	Heng saman med totalbudsjett	-
9	Justering for prisvekst 2012-2013	2.200.-	Heng saman med totalbudsjett	-
10	Sekreteriatet	139.800.-	Er ute på ny konkurans i desse dagar. Lik tjeneste saman med 6 andre kommunar i Sogn.	Vanskeleg å redusere på kort sikt.
11	Finansiell revisjon	376.480.- (2012)	Lik tjeneste frå SF revisjon saman med 6 andre kommunar i Sogn. Forstanderskapet drøftar innhald i teneste og kostnadsfordeling mellom kommunane.	
12	Kjøp av forvaltningsrevisjon og overordna analyse	150.000.-	Mogeleg å redusere til kritisk nivå kr. 100.000.- Ved lågare budsjett vert kvalitet ikkje god nok og ein må redusere antal.	Mindre omfattande, eventuelt færre revisjonar i fire-års periode.
13	Kjøp av selskapskontroll	25.000.-	Mogeleg å utsette til anna år.	Mindre kontroll.

Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 24/2012 Drøftingssak forvaltningsrevisjon 2013

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 14.11.2012	Saknr 24/2012
---	-------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Saka vert lagt fram som drøftingssak for kontrollutvalet.

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1			Plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2015

BAKGRUNN

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen si verksemd årleg blir gjenstand for forvaltningsrevisjon. Denne forvaltningsrevisjonen skal vere basert på ein plan for gjennomføring, som skal utarbeidast for kvar valperiode. Plan for forvaltningsrevisjon vart vedteken i kommunestyret i oktober og føl som vedlegg 1.

I vedteken plan ligg prosjekta i prioritert rekkefylgje, men kontrollutvalet skal gjere ei konkret vurdering før iverksetjing av prosjekta, og kan endre på denne rekkefylgja.

I gjeldande plan for forvaltningsrevisjon står Sjukefråver innan pleie og omsorg som prosjekt nr 1.

I sak 23 vil vi få ei orientering knytt til det arbeidet kommunen er i gang med knytt til Pleie og omsorgssektoren. Denne orienteringa vil danne ein bakgrunn for dei drøftingane kontrollutvalet bør gjere i møtet.

Vurderingar som bør gjerast i møtet:

Kontrollutvalet bør drøfte og ta ei innleiande stilling til

- om ein skal halde seg til prioriteringa i planen og gjennomføre forvaltningsrevisjon innanfor sjukefråvære innan pleie og omsorg i 2013, som skissert i plan for forvaltningsrevisjon
- om ein skal avvente resultatet av det arbeidet kommunen har sett i verk på området før ein går vidare med prosjekt knytt til sjukefråveret
- Eventuelt kva anna prosjekt som i så fall bør prioriterast i 2013
- Kva innretning ein skal ha på ein eventuell forvaltningsrevisjon
- sekretariatet bør få i oppdrag å legge fram forslag til bestillingsdokument til neste møte i kontrollutvalet, basert på dei innspel som kjem i møtet (dette føreset at det vert sett av midlar til forvaltningsrevisjon i budsjettet)

PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON

**LÆRDAL KOMMUNE
2012 - 2015**

Bakgrunn

Kommunestyret har det øvste ansvaret for internt tilsyn og kontroll i kommunane, og skal etter § 77 velja eit kontrollutval til å stå føre dette tilsynet. Som ein del av dette tilsynet skal kontrollutvalet, etter forskrift om kontrollutval, minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter valet utarbeida ein plan for forvaltningsrevisjon. Planen skal leggast fram for kommunestyret for godkjenning. I tillegg kan kommunestyret uavhengig av planen gje instruksar om kva for prosjekt som skal settast i verk. Kommunestyret har og ansvar for at kontrollutvalet får tilstrekkelig budsjettmidlar til å gjennomføra planen.

Forvaltningsrevisjonen sitt innhald er ytterlegare utdjupa i forskrift om revisjon § 7, 1.ledd: *"Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger. Herunder om*

- a) forvaltningen bruker ressurser til å løse oppgaver som samsvarer med kommunestyrets vedtak og forutsetninger,*
- b) forvaltningens ressursbruk og virkemidler er effektive i forhold til målene som er satt på området,*
- c) regelverket etterleves,*
- d) forvaltningens styringsverktøy og virkemidler er hensiktsmessige,*
- e) beslutningsgrunnlaget fra administrasjonen til de politiske organer samsvarer med offentlige utredningskrav*
- f) resultatene i tjenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyrets eller fylkestingets forutsetninger og/eller om resultatene for virksomheten er nådd."*

Overordna analyse

Forvaltningsrevisjonsplanen skal bygga på ein overordna analyse av kommunen si verksemd ut frå risiko- og vesentlighetsvurderingar. Formålet men analysen er å identifisera behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike områda.

Den overordna analysen er utarbeidd i mai/juni 2012 av SF Revisjon på bakgrunn av dokumentanalyse, møter med politikarar og tilsette der kontrollutvalet har delteke, eigne prosessmøter med kontrollutvalet, samt innspel frå innbyggjarane. Kontrollutvalet oppsummerte og diskuterte i eit møte den 23 august 2012 innkomne innspel og områda som var identifisert i den overordna analysen, og vart samde om kva område dei ville prioritere. Desse er summert opp i plan for forvaltningsrevisjon.

Det er vanskeleg på førehand å skissera kor mykje ressursar dei ulike prosjekta vil ta, men kontrollutvalet har som mål å gjennomføra eit prosjekt kvart år. For alle prosjekta bør det gjennomførast eit forprosjekt/kartlegging som gjev grunnlag for ein ny vurdering om prosjektet skal gjennomførast. Forprosjektet/kartlegginga vil og angi nærare kor mykje tid som vil gå med til å ferdigstillast prosjektet.

Det er kommunestyret sitt ansvar å stille budsjettmidlar til rådvelde, jfr. merknadane til forskrift om kontrollutvalet, kap 5, § 9 *"Forvaltningsrevisjon"*. Det er avgjerande at kontrollutvalet får tilstrekkelege budsjettmidlar for å gjennomført prosjekta i plan for forvaltningsrevisjon.

Prioriterte område for forvaltningsrevisjon i planperioden 2012 - 2015

Prioriterte prosjekt i perioden:

1. Sjukefråver innan pleie og omsorg

Det er gjennomført fleire forvaltningsrevisjonsprosjekt på området i førre periode, i tillegg til at det er utført tilsyn frå fylkesmannen. Eit forvaltningsrevisjonsprosjekt bør difor vere avgrensa til ei konkret problemstilling. Sjukefråveret innan pleie- og omsorg er svært høgt og ein bør difor gjennomføre ei kartlegging av årsakene til dette og vurdere om det er tiltak som kan iverksetjast for å redusere sjukefråveret.

2. Opplæringssektoren

Fleire prosjekt kan vere aktuelle for kartlegging/revisjon:

- Får elevane tildelt spesialundervisning i det omfang som vert tilrådd frå sakkunning vurdering? Har skulane gode rutinar for å fange opp og gje spesialundervisning i tråd med rettane til elevane? Blir spesialundervisning sett inn tidleg nok?
- Korleis følgjer Lærdal kommune opp arbeid mot mobbing i skulen og kva effekt har tiltaka synt så langt?
- Kva for verknad har uroa i skulesektoren hatt på det psykososiale arbeidsmiljøet innan skulesektoren og korleis har kommunen fulgt dette opp?

3. Korleis fungerer kommunen jf. omorganisering frå 2 til 3-nivåmodellen Etter at ny organisasjonsform har fungert i nokre år kan det vere føremålstenleg med ein evaluering av korleis den nye organisasjonsforma fungerer

4. Økonomistyring

Gjennomgang av budsjettprosessen og rapporteringsrutinar. Føremålet er å finne forbettringspunkt som kan vere til nytte for kommunen for å sikre fullstendigheit i vedtekne budsjett og god kvalitet i løpande økonomirapportering.

5. Andre prosjekt kontrollutvalet meiner kan vere aktuelle:

- Kommunen si praktisering av offentleglova og forvaltningslova.
- Gjennomgang av om barneverntenesta oppfyller dei krava lovverket stiller. Dette kan vere aktuelt som eit samarbeidsprosjekt med Aurland kommune

Kvart enkelt prosjekt vil bli nærare spesifisert ved handsaming i kontrollutvalet i samband med bestilling av det enkelte prosjekt. Kontrollutvalet får fullmakt til å foreta den naudsynte prioritering, spesifisering og bestilling av prosjekta i perioden.

Rapportering

Kontrollutvalet har ansvar for å rapportere om gjennomførte forvaltningsrevisjonsprosjekt og om resultatene av disse til kommunestyret. Dette kan skje ved at kvar rapport blir lagt fram eller at det ein gong i året blir lagt fram ein rapport om gjennomførte prosjekt i år. For Lærdal kommune vil tal saker/rapportar ligga på eit nivå som gjer det mest naturleg å leggja rapportane fram for kommunestyret etter kvart som dei ligg føre.

Rullering av planen

Etter forskrift om kontrollutval skal det utarbeidast ein plan for heile perioden. Det er ikkje noko krav om at planen skal rullerast i planperioden. Behovet for forvaltningsrevisjon kan endra seg i planperioden og det vil difor verte opp til kontrollutvalet å vurdere om og når det er behov for å rullere planen.

Det kan i løpet av planperioden dukka opp spesielle behov som krev strakstiltak og som difor må handsamast utanom planen. Kontrollutvalet får fullmakt til å ta inn nye prosjekt i planen ved behov.

Planen omfattar perioden fram til ny plan er vedteken av kommunestyret.

Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 25/2012 Utkast til møteplan for 2013

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 14.11.2012	Saknr 25/2012
---	-------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet går gjennom og reviderer vedlagte utkast til møteplan for 2013.

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsender	Tittel
1		Sekretariatet	Utkast til møteplan for 2013

Saksutgreiing:

Vedlagt ligg utkast til møteplan for kontrollutvalet i 2013. Utkastet er eit utgangspunkt for planlegging og er såleis meint å endrast i høve til korleis dette passar medlemmene i kontrollutvalet.

Utkast til møteplan for kontrollutvalet i Lærdal 2013

I tillegg til oppsette saker kjem andre aktuelle saker for kontrollutvalet. Dette er ikkje ei endeleg sakliste, og punkt kan bli flytta mellom møta.

Møte	Tidspunkt	Saker:
1. møte	13. februar	<ul style="list-style-type: none"> • Årsmelding for kontrollutvalet • Bestillingsdokument forvaltningsrevisjonsprosjekt inneverande år • Budsjett for kontrollutvalet (orientering om vedtak)
2. møte	17. april	<ul style="list-style-type: none"> • Årsrekneskap for kommunen (uttale frå kontrollutvalet) • Val av leverandør av forvaltningsrevisjon/selskapskontroll (tentativt)
3. møte	12. juni	<ul style="list-style-type: none"> • Gjennomgang tertialrapport (1. tertial)
4. møte	11. september	<ul style="list-style-type: none"> • Oppfølging av eventuelle revisorbrev • Budsjett kontrollutvalet (forslag til administrasjon) • Handsaming forvaltningsrevisjonsrapport
5. møte	13. november	<ul style="list-style-type: none"> • Orientering om eventuelle selskapskontrollar • Gjennomgang av tertialrapport (2. tertial) • Årsmelding for kontrollutvalet – innspel frå medlemmane • Møteplan for neste år

Kontrollutvalet i Lærdal kommune

Sak 26/2012 Opne møte i kontrollutvalet

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 14.11.12	Saknr 26/2012
---	-----------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møta i kontrollutvalet vert frå og med neste møte halde for opne dører.

VEDLEGG:

Nr.	Dok. Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	25.05.2012	Kommunal- og regionaldepartementet	Pressemelding: opne møte i kontrollutval og kommunale foretak
2	7.2.2011	Kommunal- og regionaldepartementet	Kontrollutvalshandboka, utdrag kapittel 5, "Synleggjering av kontrollutvalet sitt arbeid"

BAKGRUNN:

Kontrollutvalet kan vedta å holde sine møter for opne dører, jfr. kommunelova § 77, nr 8. Alle parti på Stortinget har slutta seg til eit forslag om å endre kommunelova slik at opne møte i kontrollutvalet blir hovudregelen. Eit høringsutkast til endring av kommunelova var på høyring sommaren 2011. I framlegget til endring var det foreslått at møta i kontrollutvalet skal vere opne. I det endelege lovforslaget som vart lagt fram i mai 2012 er framlegget om opning av møta teke med vidare. Lovforslaget er endå ikkje handsama i Stortinget.

Kontrollutvalet i Lærdal har fram til no valt å halde møta for lukka dører. Mange kontrollutval har valt å opne møta sine, og meiner at dette er viktig for å synleggjere kontrollutvalet sitt arbeid og legitimitet. Sjå drøfting rundt dette i utdrag frå kapittel 5 i kontrollutvalshandboka (vedlegg 2).

Sidan lovgivar har synt ein klar intensjon om at møta skal vere opne, og det og ligg føre framlegg til lovendring, er det sekretariatet si tilråding at kontrollutvala sine møter vert opna.

Kontrollutvalet må finne formålstenlege prosedyrar for lukking av opne møte. Dette vil fylgje dei same reglane som for møter i andre kommunale utval.



KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET

Du er her: regjeringen.no / [Kommunal- og regionaldepart...](#) / [Pressesenter](#) / [Pressemeldinger](#) / Opne møte i kontrollutval og kommunale føretak

Pressemelding, 25.05.2012

Opne møte i kontrollutval og kommunale føretak

Statsråd Liv Signe Navarsete foreslår for Stortinget at møte i kontrollutval og styremøte i kommunale føretak som hovedregel skal være opne. – Eg ynskjer å gje innbyggjarane og media innsyn i kommunal verksemd, seier Navarsete.

Lovproposisjonen er eitt av resultatane av arbeidet i Kommunal- og regionaldepartementet for ein endå betre eigenkontroll i kommunane. Det er og ei oppfølging av arbeidsgrupperapporten *85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane*.

– Kontrollutvalet er kontrollorganet til kommunestyret. Dei handsamar viktige saker som handlar om kommunale tenester, økonomi og måloppnåing. Eg meiner det er viktig og rett at desse møta som hovedregel er opne, seier statsråden.

Departementet gjer óg framlegg om at styremøta i kommunale føretak som hovedregel skal vere opne.

– Kommunale føretak er ein del av kommunen, og del bør i stor grad vere opne for innsyn, seier Navarsete.

Statsråden vil òg sikre at kontrollutvala og revisorane får rett til innsyn i alle interkommunale samarbeid etter kommunelova § 27 og i alle aksjeselskap som direkte eller indirekte eigde av kommunen.

Når kontrollutvalget blir bedt om å utlevere dokumenter som inneholder taushetsbelagte opplysninger, skal ikke hele dokumentet unntas fra innsyn. Det er bare de taushetsbelagte opplysningene som skal unntas, for eksempel ved å sladde disse i dokumentet. Unntak fra innsyn i hele dokumentet kan bare gis i tilfeller der resten av opplysningene alene er uvesentlige eller vil gi et klart misvisende inntrykk, eller dersom det er urimelig arbeidskrevende å unnta opplysningene (for eksempel når det er svært store dokumenter med mange opplysninger som skal unntas fra innsyn).

Åpne eller lukkede møter

Kontrollutvalget kan vedta å holde sine møter for åpne dører.¹¹ Den viktigste begrunnelsen for åpne møter er at kontrollutvalgets legitimitet som demokratisk organ kan styrkes av at publikum kan følge saksbehandlingen i utvalget. Åpne møter kan også skape større forståelse for, og innsikt i, kontrollutvalgets arbeid. Dette kan styrke kontrollutvalgets posisjon og gi kontroll- og tilsynsarbeidet mer gjennomslagskraft. Dersom kontrollutvalget vedtar å ha åpne møter, vil det være en fordel å fastsette hvilken møtedato dette skal gjelde fra.

Alle partier på Stortinget har sluttet seg til et forslag om å endre kommuneloven slik at åpne møter i kontrollutvalget blir hovedregel.¹² Kommunal- og regionaldepartementet vurderer nå hvordan forslag om åpning av møter i kontrollutvalget skal følges opp.¹³

Mange kontrollutvalg har valgt å åpne møtene sine, og mener at dette er et viktig bidrag for å øke utvalgets synlighet og legitimitet. Kontrollutvalg som har åpnet møtene oppgir i liten grad at det er problematisk å begrunne lukking av utvalgte saker.¹⁴ Enkelte kontrollutvalg synes likevel det kan være utfordrende å ta opp og diskutere vanskelige tema når det er tilhørere til stede, for eksempel når det gjelder saker knyttet til ubekreftede opplysninger og «rykter» om kritikkverdige forhold. Dette blir også brukt som begrunnelse for ikke å vedta åpne møter.¹⁵ Åpne møter bør ikke være til hinder for en konstruktiv meningsutveksling mellom medlemmene i kontrollutvalget. Det er derfor viktig at kontrollutvalg diskuterer hvordan utvalget kan sikre en god dialog i åpne møter ved behandling av utfordrende saker. Erfaringsutveksling med kontrollutvalg som har gjennomført åpne møter kan være en god kilde til kunnskap og læring.

I tillegg er det viktig å etablere hensiktsmessige og formelle prosedyrer for lukking av åpne møter. Dersom kontrollutvalget skal behandle saker som omhandler personlige forhold, eller dersom behandlingen av en sak kan føre til at taushetspliktbelagte opplysninger avdekkes, skal møtet lukkes.¹⁶ Det kan være fornuftig å samle de sakene som skal gå for lukkede dører i sakslisten, slik at man unngår å måtte åpne og lukke møtet flere ganger.

"Vi ser ingen grunn til at møtene skal holdes for lukkede dører, det bidrar til mistenkeliggjøring om at 'ikke alt tåler dagens lys'. Imidlertid lukker vi møtene når det er hjemmelsgrunnlag for det." (Kontrollutvalgsleder, Ski)

"Vi har valgt å holde møtene lukket fordi åpne møter kan endre møtenes karakter, det vil være vanskeligere å drøfte forhold hvor man ikke er sikker på om kritikken er 100 % berettiget. Det vil øke sannsynligheten for at møtene blir politisert." (Kontrollutvalgsleder, Bergen)

"Jeg sitter igjen med et positivt inntrykk av å ha åpne kontrollutvalgsmøter. Pressen har mulighet til å delta, og det vi jobber med blir mindre hemmeligpreget." (Kontrollutvalgsleder, Vennesla)

11 Kommuneloven § 77 nr. 8.

12 Innst. S. nr. 259 (2008-2009).

13 Prop. 152 L (2009-2010). Se også tilråding nr. 8 i «85 tilrådingar» (KRD 2009).

14 Dette kommer frem i spørreundersøkelse i forbindelse med utarbeidelsen av veilederen.

15 Spørreundersøkelse i forbindelse med utarbeidelse av veilederen.

16 Kontrollutvalgsforskriften § 19, 1. ledd, 2. punktum.

Eksempel

Praksis ved lukking av møter

I kontrollutvalg som har vedtatt åpne møter, er det vanlig praksis å lukke møter når det behandles taushetspliktige opplysninger, personalsaker, samt i enkelte tilfeller når utvalget behandler personopplysninger eller dokumenter som er unntatt offentlighet. Eksempler på saker som ofte blir lukket i kontrollutvalget er:

- varslingssaker
- saker som vedrører misligheter
- behandling av tilbud om revisjonstjenester
- orientering fra revisjonen om taushetspliktige opplysninger

At lukking av møter skjer på en forutsigbar og planmessig måte, vil lette gjennomføringen av åpne møter. Det er derfor en fordel at det går frem av møteinnkallelelsen om en sak skal gå for lukkede dører. Det må likevel være rom for å lukke møtet dersom det dukker opp forhold som krever lukking i løpet av møtet. I kontrollutvalget i Hordaland fylkeskommune er det etablert en praksis der utvalgsleder, i forkant av behandlingen av enkelte saker, spør om det vil være nødvendig å omtale personer eller forhold som gjør det nødvendig å lukke møtet.

Dersom kontrollutvalgets møter er lukket, innebærer ikke dette en større grad av taushetsplikt for medlemmene enn dersom møtene hadde vært åpne. I protokollen vil det fremkomme hva kontrollutvalget har vedtatt, og kontrollutvalgsmedlemmene har ingen generell taushetsplikt om det som blir sagt i et lukket møte (se kapittel 3 om taushetsplikt).

Det er ikke en direkte kobling mellom åpning/lukking av møter i folkevalgte organer og dokumentoffentlighet. Selv om en sak blir behandlet for lukkede dører, kan ikke saksdokumentene automatisk bli unntatt offentlighet. Og på den andre siden er det heller ikke automatikk i at saksbehandlingen av et dokument som er unntatt offentlighet må foregå bak lukkede dører.¹⁷